



Solheim Designere AS
Øvre Korskirkesmug 2B
5018 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1643 - 14/20626

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
11.09.2014

Løyve til igangsetting - gbnr 137/183 Alver - bustad

Tiltakshavar: Helge Feste, 5911 Alversund
Ansvarleg søkjar: Solheim Designere AS, 5018 Bergen
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Kommunen har i vedtak av 16.12.2013 gjeve rammeløyve til oppføring av tilbygg, fasadeendring, ombygging av eksisterande einestad og oppdeling av brukseining i bustad.

Saka no gjeld søknad om igangsetting av heile tiltaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.02.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken.

Dette vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 03.04.2014 der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Løyve frå Teknisk drift for å kople den nye eininga til offentleg vass- og avløpsanlegg
2. Søknad om ansvarsrett for uavhengig kontroll for fuktsikring og lufttetthet og ansvarsrettar for andre funksjonar som skildra i gjennomføringsplanen.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.04.2014. og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

Løyve om tilkopling offentleg vass- og avløpsanlegg er gjort i eiga vedtak frå Teknisk drift.

VURDERING



Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket Stendal VVS AS org.nr. 980626180 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterande (PRO) utvendig stikkledning og sanitæranlegg i bustad.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket Stendal VVS AS org.nr. 980626180 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) utvendig stikkledning og sanitæranlegg i bustad.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket Helge Feste har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) tømrararbeid bustad og ventilasjon bustad.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt fram organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket for oppføring av bustad på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 16.12.2013 gjeld for tiltaket.

Med heimel i plan- og bygningslova §23-3 jf. §§23-5 (PRO) /23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

Føretak	L/S	Funksjon/tiltaksklasse/ansvarsområde	Org. nummer
Stendal VVS AS	S	PRO/UTF, T1, utv.stikkledning og sanitæranlegg i bustad	980626180
Byggmester Helge Feste	L	UTF, T1, tømrararbeid bustad	
Byggmester Helge Feste	L	UTF, T1, ventilasjon bustad	
Byggmester Terje Kleivdal	S	KTR, T1, våtrom og lufttetthet i bustad	954702308

*S= sentral godkjenning, L= lokal godkjenning.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2 Søknadspliktige tiltak pbl §20-1	Gebyr
10.2.8 Igangsettingsløyve	Kr. 2.800,-
10.3.3 Godkjenning av ansvarsrett	
a) Kr. 1.000,- pr. føretak med sentral godkjenning x2	Kr. 2.000,-
b) Kr. 2.500,- pr. føretak utan sentral godkjenning	Kr. 2.500,-
Totalt gebyr å betala	Kr. 7.300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helge Feste

Mangerbua 18

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Solheim Designere AS

Øvre

Korskirkesmug 2B

5018

BERGEN